



Bergvesenet

Postboks 3021, 7002 Trondheim

Rapportarkivet

Bergvesenet rapport nr BV 1138	Intern Journal nr	Internt arkiv nr	Rapport lokalisering Trondheim	Gradering Fortrolig
Kommer fra ..arkiv USB	Ekstern rapport nr	Oversendt fra	Fortrolig pga	Fortrolig fra dato:
Tittel Det Helge Nøkling minnet frå gullgruvene på Bømlo				
Forfatter Helge Nøkling		Dato 15.10 1952	Bedrift	
Kommune Bømlo	Fylke Hordaland	Bergdistrikt Vestlandske	1: 50 000 kartblad 11142	1: 250 000 kartblad
Fagområde Historie Gruve Drift	Dokument type		Forekomster Bømlo Gullgruver	
Råstofftype Malm/metall	Emneord Au			
Sammendrag Rapporten er en nedtegning av det Helge Nøkling husket fra gruvedriften på Bømlo.				

Det Helge Nökling minnest frå gullgruverne på Bömlo.

I åra omkring 1866 til 1867 vart det dreve etter kobber i fjella ved Djupevik Nöklingfjorden. Denne gruva vart i dagleg tale kalla Modums grava avdi drivaren heite Modum. I denne tida var det at Jakob Nilsen Nökling som fyrst fann gull utan sjölv å veta kva han fann.

Modum hadde fått hand um dette funne åt Jakob Nilsen og sendt det til Kristiania.

I 1878 kom lærar Bødal til Nöklings skule. Det var turskular i den tida so læraren var i turavis på Geitung, Tverborgvik, Sele søre og Nökling. Det er ikkje som den store skulemeister Bødal vert nemd, hans hugmål og eigenskaper rakk langt høgare på andre umkverve. Det kan nemnast at han vart nytta som fiskjetelegrafist på Røvær, og at han trenar mykje med telegraflykjelen i skuletida.

Ved sida av skulearbeide og telegrafien hadde Bødal eit stort hugmål, stein og bergverksdrift. I denne samanheng er det at namnet hans er knyta til gullgruverne på Nökling.

Då Bødal skulde på Nökling heldt skulen til hjå Halvard Nökling. Læraren budde og då på same staden, og dette samværet har nok sett kveik i dei bae to.

Etter endt skuledag var læraren ofte å sjå i Lyngholmen. Han meinte det kunne vera kol det svarte fjellet der nede.

Då Nökling hadde fått fast skule i åra frå 1878 til 1880, hendte det ein dag at skuleguten Arne Risvik hadde ein fin stein med på skulen, og Bødal tok hand um den. Det gjekk helst stillt um denne steinen, Halvard Nökling og Bødal sytte for å få Mutesetel på skjerpet.

Bødal var kjend med telegrafistane Hansen og Reitan. Desse karane gjekk so saman med skjærpe eigarane til prøvedrift på staden der seinare Kong Oskar 2. Goldmine ble lagt. Under denne prøvedrifta vart der bygd smidja, kontor og bustad for Lars Eriksen, han kom som fagmann i bergverksdrift. Denne prøvedrifta bygde og det som er bygd av veg sunnan for Kong Oskars gruva.

Guleik Hanssen, Endre Våge og Endre Nökling var millom desse arbeidarane. Daglöna var ikkje mykje å skryta av. For Endre Nökling som då var yngste mann gjorde daglöna på 10 timars dag seg upp i 60 öre.

Det var ikkje so endefram å få styremaktene til å tru på dette Bömmelöy gullet, so Bödal hadde eit heilt strev i Kristiania. Han vart til slutt vist åt Universitetet. Der fekk han veta at gull frå Bömmelöya hadde dei fått fyrr.

Reitan og Hansen vende seg til England og gjennom den engelske pressa klarte dei å setja gullfeberen på so mange engelsmenn at der ein dag kom utsendingar for å sjå på gullet.

Engelsmennene kom ikkje uventa på prøvedrivarane, for dei hadde ordna seg slik at dei hadde gullstripa ståande synberr i fjellsida i gruva.

Um våren 1884 törna ein stor engelsk bark upp på Holmasundet. Det vart travle dagar dei som kom frametter, mykje tungt materiell måtte fraktast frå barken og til Djupevik. Til dette nytta dei ein stor gamal kanonbåt. På Djupevik laut dei bygja kai og montera krane.

Dei bygde og bana frå Djupevik og fram til gruva. Det gjekk ikkje for seg i stilla dette at engelsmennene hadde landsett på Djupevik med tanke på gullgraving.

Dei villaste rykter ved sida av sensasjonslystne aviser gjorde sitt til at Bömmelöy ikkje berre vart landskjent, men kjendt og i andre land. Det var ein flaum av farande folk som kom åt bygda i den tida. Dei var korkje velstelte eller vel sedde mange av dei. Det hende at ein midtsumars kunne sjå folk i arbeid med plankebering med berre ein vinterfrakke på sin kropp.

Kobbergruvene på Alfsvåg vart nedlagde det året so ein heil del trente gruedrivarar, for det meste svenskar, flutte til gards her. Her vart då ei livleg byggverksemd i tida frametter.

Ei skrikande husnau for ferdafolk gjorde at Stange og Kleibergs hoteller vart feiste. Stanges hotel kan me sjå i dag og, men Kleibergs finn ein i dag berre grunnen av i nordre enden av Stokkmyra. I nærleiken av Kleibergs låg hyttene åt Stannes og Hansen. Desse hyttene delt i to rom kvar, tente det eine romet som kaffiståva og det andre til bustad for eigarens huslyd. Det vart ikkje gjort noko for å skaffa husrom åt arbeidarane. Dei laut kura seg inn best dei kunne hjå folk som hadde det trangt fyrr. Til prov på denne husnaua kann nemnast at hjå Paul Nöckling, som i den tida åtte hus med 2 ståver og 1 kammers med lågteloft, budde der 3 huslydar umframs hans eigen.

Då me furst er inne på vanskane arbeidarane hadde, må ein og nemna vanskane på arbeidsplassen.

Ingen arbeidar innflytt eller fastbuande fekk lov å arbeida ved værket lengre enn 23 månader. Dette var ikkje komunen som krov, det var krav frå værket, for at dei skulle koma seg klar ei plikt ovanfor ein arbeidar. På denne måten var her allstøtt folk som flytta frå annlegg til annlegg. Ei vanleg flytting var det millom Nøkling og Visnes.

Mykje vondt måtte dei lida desse stakkars huslydane, i små kår og støtt på flyttefot. Etter som tida skreid fram var det mange som ville prøva lukka etter Bømmeløygullet. Her kom folk frå heile landet. Ja, frå Sverig og for å skjærpa.

Ser me på Kong Oskar 2. Goldmine i åra 1886 til 1887 er det stor framgang. Dei har då reist vaskeri med 50 stamper. Desse stampene hadde saman ein kapasitet på 50 tonn i døgeret. Til dette vaskeriet trongs og ei mengd vatten. Tereng og nedslagsfelt var soleis at dei laut bygja 4 store stemmer, og la på den måten store vidder beitemark under vatn. Dei hadde og reist bustad for direktør, og gullvaskar, snikkerverkstad, smidja og maskinhus.

Då vaskeriet var ferdigt og vimpelen heist med Kong Oskar 2. Goldmine, vart det laga til stor fest for arbeidarane. Dåe, som var direktør då, var ein venesæl mann som arbeidarane såg upp til. Det var ikkje berre det at han tillet festar i vaskeriet, men han var sjølv med å synte fram morrospel for arbeidarane. 17. mai 1887 står friskt i minne. Då var der fest på Værket med kapproing og andre tevlingar. Ingeborg Paulsen vann 1. premie i roing og ho seier sjølv "Der var ein bråte med folk".

Det gjekk noko bolquete med drifta so det hende at alt stod stille ein og annan vinteren. Her kan nemnast vintrane 1886 og 1897. I desse opphalda reiste dei trente arbeidarane stundom til Gravhalsen, Flekkefjordsbana, Hardangerjøkulen og Sætedalen.

Då dei slutta å driva i Oskars gruva såg ho slik ut. Dei fyrste ca. 20 m går i svak skakt so stupar gruva meir loddret til ca. 50 m djupna. På halvvegen er der so strossa ut ei heil vidda. Denne vidda var so stor at dei, med det dårlege ljuset dei hadde den tida, ikkje kunne få noko fast å halda seg til i bedøminga av denne vidda. Frå denne store halla går der so ei ort rett mot vest, men i krokas som ein orm etter som gullgongen svingar. Det var ikkje godt å trilla i dei krokane med ei gruvelampe fast på båra. Formann Nordal ved vaskeriet sa at der var fint med gull på platene der dei då arbeide.

Forteljaren vart heiskjörar so dei siste metrane var han ikkje med å tok ut og kan derfor ikkje seja um gullet tok slutt eller dei slutta slik gongen då var.

I tida 1887 til 1890 hende det at to smågjenter, døtrene åt Ola O. Sjetne, sat å monka med nokre steinar. Faren såg at i den eine steinen var der gull. Ola hadde sagt dette blant arbeidskamaratane og so kom det for Skjærpen sine öyro.

Kong Oskar 2. Goldmine kom til å driva i Risvik. Den fyrste drifta var nok so premetiv. Alf E. Våge, Helge Nöklung, og ein dei kalla Peder Blekkslagar var dei fyrste fodrarane. So lenge prøve-drifta varde vart steinen sortera på ein platting. Det som då dei meinte var verd å prøva på vaskeriet vart då trilla umbord i ei pram. Med roande slepebåtar fekk dei so prama til Djupevik, og siste delen av vegen med hest fram fyre vogn på skinner. Det tyktes vera stor skilnad på gullet i Risvik og det i Oskars gruva. I sist nemde stod gullet i det dei kallar Nyrer, medan det i Risvik var meir fint men synberrgang. For auga å sjå til tyktest det vera meir gull uppe enn lenger nede i gruva.

Dei fann prøvedrifta slik at dei bygde bana frå vaskeriet og fram til Risvik. Dette var eit storarbeid i det vanskelege terenget, med knaus og knatt. Bana laut offte kvila på høge trebukkar i dei djupe dalsökka.

Risvik gruva er den störste av gruverne og er vel 500 fot djup. Gruva går i nordaustleg retning, på skrå eller det dei på gruvespråk kallar skakt. Denne skakta fell fyrst 100 fot so kjem det dei kallar Ort, det er ein vannrett tunnel. Denne går so på sud og nord med ein arm sud um skakta og ein nordum. Der går og ein vannrett tunnel i austleg retning ca. 150 m lang. Dette kallast Tverrslag. Fylgjer ein skakta vidare til 150 m djupna går der igjen ei Ort på sud og nord og likeeins eit Tverrslag. Slik held det fram nedetter skakta på 200, 300, 400 og 500 fots djupna. I Orta på 150 fots djupna arbeide dei so lenge mot nord at sjöen tok til å siga inn, so dei laut stöypa at der.

Frå midten på Tverrslaget på 100 fots djupna går der so eit gjenomslag til gruva dei kallar Hullets gang.

I tidsbolken frå 1886 til 1897 kom her og to andre verk i gang. Bömmelöens forende (Dalsværket) og Haugesundsgangen (Badlyværket).

Dalsværket heldt til i Risvik og dreiv i Flataneset og Gapelskog.

Dalsværket bygde og vaskeri og kai, og på same måten som Kong Oskar 2. Goldmine, laut dei stemma svære stemmer for å skaffa seg vatn åt vaskeriet.

Haugesundsgangen skjærpa av fru Jonnassen, men dreve av ein engelsmann. Denne mannen var både direktør og gullvaskar. Haugesundsgangen ligg der den fyrrnævnte Modumsgrava var. Forteljaren var sjølv med å lensa Modumsgrava for vatn. Dei stod i stegar og handa bytter frå mann til mann. Han tente Kr. 7,00 på dette arbeide, so etter den tids betaling dreiv dei sikkert på ei god stund.

Medan dei to andre værka dreiv med stamper, dreiv det siste med mylle. Vaskeriet stod på Kammaren. Dei hadde sopass trekai på Klåven der at dei fekk på land det die trong. Ein kan finna dei gamle stemmerne deira og innnyver fjelle so det syner dei har hadt bruk for mykje vatn til vaskeriet dei med.

Denne gruva ser slik ut. Ei Ort frå sud fylgjande kvartsgongen so kjem der ein Synk loddrett. Denne synken er ikkje djupare enn at dei hasspa steinen upp med handamakt. Um denne Synken har der vore sagt av Lars Nordenes, at han skulle påvisa gull berre denne Synken vart lenssa. Forteljaren legg til Lars var min besste arbeidskamerat. Han var alltid pålitande.

Då ei tid var gått, lagde engelsmannen ned arbeide, men ein normann, stiger Olsen, var styrar. Olsen var ein gild mann som arbeide godt. Han hadde sagt at denne drifta var regningsvarande dersom dei ikkje hadde det dyre kontoret i England å løna.

Bömmeløens forenede vart kjøpt av Kong Oskar 2. Goldmine. Dei dreiv seinare både i Flataneset og Gapelskog. Flatanes gruva ser soleis ut då båe laga har dreve der. Ein skaktsynk mot aust ca. 15 til 20 m. Der går so ei Ort i nord, denne lengda umlag 15 m. Frå Synken går det og ei Ort rett mot sud i ei lengda av 25 m. Der går so ein taksynk samstundes som dei arbeide med frå dagstråssa og syn soleis at desse to synkerne møttest. Ein stor del av denne synken står tom for vatn avdi vatnet renn ut i Skaktsynken. Forteljaren har vore med å vaska gull i trerenner i Flataneset og fant litt og segjer han.

Gapelskog gruva ser soleis ut. Ein skaktsynk mot sud ca. 20 m. På 10 m djupna går der ei Ort i austleg retning ca. 25 m lang. Etter at Kong Oskar 2. Goldmine hadde yvertat drei dei ei Ort mot vest. Denne lengda kan han ikkje sjå noko um.

Medan Dåe var styrar ved Kong Oskar 2. Goldmine, dreiv han og ei gruva dei kalla Dåe-gongen. Denne gruva har forteljaren ikkje arbeidd i, men han vore ned i den medan dei arbeide der.

Der går fyrst ned ein djup Synk. Frå denne Synken går der so ei Ort mot sudvest. Då dette var gjordt tok dei til med ei takstråssa langst heile Orta. Denne Takstråssa gjekk soleis fyre seg. Dei la tjukt stokkværk yver Orta etter kvart som dei gjekk fram med Takstråssa. So skilde dei i frå i det dårlege ljuset det dei fann vord å bringa på vaskeriet. Avfallssteinen låg då at på dette stokkværket. Dårleg har sjölvsagt denne sorteringa vore.

Kong Oskar 2. Goldmine bygde veg frå værket og fram til Risvik. Dåe var og stemt for å bygja veg fram til Uren, men her stengde Tor Urastölen og Nils P. Uren med å nekta veggrunn.

Medan Dåe styrte var alt på sitt høgste. Direktören hadde sin eigen dampbåt "Nelly". Med den drog heile huslyden på lysttur i Hardangerfjorden.

Frå Goldmina og ned til og med Uren var 7 handelsmenn. Umbord i "Korkjen" var der og handel. Rett lovlegt var det visst ikkje alt der ombord. Mann vart hukka og "Korkjen" enda sine dagar som vrak i Sanvika.

Frå den tida Blueet styrde har ikkje forteljaren so mykje å seja. Der vart bygd nokre brakkar til bustad for arbeidarane. Han fekk og bygd eit tilleggs-vaskeri for å prøva vinna meir utav det gullet dei tippa på sjöen i Djupevik.

Forteljaren slutta med å seja engelsmennene gjekk ikkje upp av gullet vårt.

15 Okt 52

Analyser av kvartsprøver fra Lykling.

	gram gull pr. tonn	%SiO ₂	%Cu	%Fe	%R ₂ O ₃ R ₂ O ₃ ÷ Fe ₂ O ₃	% S	%CaO	%MgO	
Bokkskinsgangen, Lykling	11.8	73.35	7.45	7.80	2.04	9.13	0.32	0.26	
Dalsverket, "	32.6	90.08	0.20	2.66	1.21	3.18	0.74	0.43	
Haugesundsgangen, "	66.8	92.10	0.18	2.05	1.16	1.76	0.76	0.43	
Gapaskog	70.3								
Kisvik Lykling	9.0								

(Utført ved N.T.H.,
formidlet av prof. Lepsøe 1951)